

Reglar for levering

av drikkevatt

i



VÅGÅ
KOMMUNE

*Vedteke av kommunestyret
den 18.12.07, sak 107/07*

FELLES MÅL

Både du som abonnent og vi som leverer drikkevandet ditt, ønsker det samme: Best mulig teneste for lågast mogleg pris. For å få dette til må vi begge halde oss til visse reglar.

I dette dokumentet vil du finne kva reglar som gjeld og kva du kan gjera når du meiner tenestene ikkje er slik dei bør vera.

ANSVARET TIL KOMMUNEN

1. Levering av drikkevand som næringsmiddel

Vasskvalitet

Drikkevand skal, ved uttak frå kommunal leidning, oppfylle krav stilt i drikkevassforskrifta, vera hygienisk trygt, klart og utan markert lukt, smak eller farge.

Trykk

Ved normal drift skal vasstrykket ved tilknytingspunktet til kommunal leidning vera mellom 2,0 og 8 bar. (Trykk over 6 bar kan øydeleggje husinstallasjonar, sjå avsnittet "ANSVARET TIL ABONNENTEN").

Sikring av levering

Vi forsyner deg med tilstrekkeleg mengde drikkevand til eige forbruk. Vandet blir levert kontinuerleg 24 timar i døgnet. Det kan likevel oppstå situasjonar med korte avbrot i leveransen. I slike tilfelle gjeld følgjande:

- Ingen planlagde avbrot i vassforsyninga skal vara lenger enn åtte timar
- Når stopp i vassforsyninga ikkje er planlagt, f.eks. leidningsbrot, skal kommunen gjera det som er mogleg for å gjenopprette vassforsyninga innan åtte timar
- Dersom vassforsyninga er borte i meir enn 10 timar, vil du få tilkjørt vand til hushaldningsforbruk via felles forsyning frå tank i nærområdet
- Ved fleire enn fem brot på den same leidningsstrekninga i løpet av det siste året skal kommunen vurdere å renovere leidningsstrekninga
- Ved leidningsbrot eller storbrann kan kommunen stengje vassstilførselen utan forvarsel.

2. Informasjon, varsling og kontakt med abonnentane

- Du skal ha varsel om alle planlagde stopp i leveransen (f.eks. ved reparasjonar) eller inngrep som medfører avvik i vasskvalitet som betyr mykje for deg (f.eks. ved spyling av leidningsnett)
- Kommunen skal straks varsle deg dersom akutt forureining kan påverke drikkevandet i ein grad som gjer at det ikkje lenger er hygienisk trygt
- Vi informerer deg årleg om endringar i prisar og/eller leveransen via annonse. På spørsmål informerer vi om vasskvaliteten
- Nye abonnentar får tilsendt kommunal forskrift om gebyr for vand og avløp, gjeldande prisliste, dette dokumentet og annan informasjon om vassforsyninga i kommunen
- Vi ønsker å drive aktivt informasjonsarbeid gjennom media, ved direkte kontakt og via skriftleg materiale for å auke kjennskapen til kommunale tenester, og dermed utvikle og vedlikehalde eit positivt forhold til oss i kommunen.
- Du skal få svar på spørsmål om ev. driftsproblem (både skriftlege og munnlege) så snart vi har funne ei løysing, og seinast innan tre veker etter at kommunen har fått spørsmålet.

3. Kontroll og vedlikehald av vassmålarar i kommunen

- Vassmålarar som kommunen eig, skal kontrollerast og haldast ved like (ev. skiftast) etter fastsett vedlikehaldsprogram, der frekvensen er avhengig av målaratype, storleik, forbruk m.m.

ANSVARET TIL ABONNENTEN

Ansvarer ditt er fastsett i den kommunale forskrifta om gebyr for vatn og avløp og i dei tekniske og administrative reglane som gjeld i kommunen. Dette inneber i hovudsak at du skal:

- betale vassgebyr som går fram av den fakturaen du får
- sikre at private stikkleidningar blir lagde etter reglane som gjeld i kommunen
- sikre at innvendige installasjonar (husapparat og sanitæranlegg) blir dimensjonerte etter vasskvalitet, driftstrykk og trykkvariasjonar som er på den kommunale vassleidningen. Dersom det er fare for at trykket er større enn 6 bar, må du sikre dei innvendige installasjonane dine ved bruk av reduksjonsventil
- sørge for å få informasjon om vasskvalitet, driftssikkerheit m.m. og eventuelt teikne nødvendige forsikringar dersom du driv verksemd som stiller spesielle krav til leveranse av drikkevatt
- vedlikehalde dine private anlegg i tråd med dei reglane som gjeld i kommunen (sanitæranlegg, stikkleidningar og felles, private leidningsnett t.o.m. anboringsklammeret på hovudleidningen til kommunen)
- prøve å utbetre lekkasjar på dine private anlegg snarast, ev. innan gjeldande fristar
- kjenne til plassering av reduksjonsventil/sikringsventil og utvendig stoppekran
- leggje til rette for at kommunen ved behov sjølv kan foreta inspeksjonar av installasjonane dine
- for deg med vassmålar: lesa av og melde inn avlesinga innan gjeldande tidsfrist og oppfylle andre vilkår i reglane for bruk av vassmålar
- varsle kommunen viss det oppstår problem i vassforsyninga
- elles innrette deg etter tilvising og informasjon frå kommunen.

ANDRE TILBODKNYTTE TIL DRIKKEVATNET

- Der vassleidningsnett er dimensjonert og tilstrekkeleg utstyrt, kan vatnet frå kommunalt leidningsnett nyttast til brannsløkking og ved andre nødssituasjonar
- Du kan, under vanlege driftsforhold, nytte drikkevatt til hagevatning. I tørkeperiodar, eller i andre periodar med kapasitetsproblem kan kommunen likevel innføre restriksjonar mot hagevatning. Du vil bli varsla minst 24 timar før innføringa
- Der kapasiteten tillèt dette, og etter avtale med kommunen, kan du nytte drikkevatt til eige sprinkleranlegg, landbruksvatning og andre former for vassuttak.

PRIS OG BETALINGSVILKÅR

Prisen for vassleveransen er fastsett etter kommunal forskrift om gebyr for vatn og avløp, og går fullt og heilt til dekning av dei kostnadene kommunen har med vassforsyninga. Storleiken på gebyret blir fastsett (revidert) årleg av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir innkravd på felles faktura etter gjeldande faktureringsrutinar i kommunen.

Både du som abonnent og kommunen kan krevja installering av vassmålar. Abonnenten betaler eit årleg gebyr for leige av vassmålar, som inkluderer kjøp, installasjon, kontroll, vedlikehald, utskifting og drift. Gebyret blir fastsett av kommunen og går fram av gebyrregulativet.

Ved for sein betaling blir renter lagde til etter morarentelova. Viss betaling av årsgebyr uteblir, har kommunen rett til å ta pant i eigedommen etter pantelova § 6.1.

KLAGE, PRISAVSLAG OG ERSTATNING

Dersom du meiner at det har oppstått mangel ved vassleveransen i forhold til det som er framstilt ovafor eller i forhold til krav i drikkevassforskrifta, kan du sende klage til kommunen. Klaga bør sendast så raskt som mogleg etter at mangelen er oppdaga. Kommunen vil da undersøkje forholda så snart som råd, noko avhengig av kor komplisert problemet er. Uansett vil du få tilbakemelding seinast innan tre veker.

Dersom kommunen stadfestar at det har oppstått ein mangel, kan du etter kjøpslova krevja å få den utbetra.

Du kan i tillegg ha krav på erstatning viss du er påført økonomisk tap på grunn av feil eller avbrot i vassleveransen. Dersom du har inngått eiga avtale med kommunen (næringsdrivande), regulerer denne avtala rettane dine.

For å få avklara rettane dine når det gjeld prisavslag og erstatning, kan du kontakte kommunen, forsikringsselskapet ditt eller det lokale forbrukarkontoret.

Dei mest aktuelle lover og forskrifter

- Forskrift om avgrensing av forureining av 1. juni 2004, del 4A, kap. 16, om kommunale gebyr for vatn og avløp (sist endra 15.12.2005)
- Forskrift om gebyr for vatn og avløp i Vågå kommune (kommunal forskrift)
- Forskrift om vassforsyning og drikkevatt, drikkevassforskrifta (sist endra 1.1.2004)
- Lov om skadeerstatning (av 13.6.1969)
- Kjøpslova (av 13.5. 1988).